

## **Tabell 2-fk**

### **Innbyggjartilskot til fylkeskommunane (kap. 572, post 60)**

Innbyggjartilskotet blir i utgangspunktet fordelt mellom fylkeskommunane med eit likt beløp per innbyggjar (etter at tilskot som er gitt ei særskild fordeling er trekt ut, jf. kolonne 13 i tabell C-fk). Deretter skjer det ei omfordeling mellom fylkeskommunane på grunn av utgiftsutjamninga, korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular og inntektsgarantiordninga (INGAR). Skatteutjamninga inngår òg i post 60, men er ikkje med i Grønt hefte fordi ho blir berekna etter kvart som skatteinngangen ligg føre. Samla sum på post 60 for den enkelte fylkeskommune vil difor ikkje vere klar før i februar 2015. Utgiftsutjamninga, skatteutjamninga og inntektsgarantiordninga er reine omfordelingar mellom fylkeskommunane.

Innbyggjartilskotet, inkludert utgiftsutjamning og inntektsgarantiordninga, er basert på innbyggjartalet per 1. juli 2013. Skatteutjamninga blir basert på innbyggjartalet per 1. januar 2014.

#### **Kolonne 1 – Innbyggjartilskot før omfordeling**

Kolonne 1 viser løyving på kap. 572 post 60 før omfordeling, etter at saker med særskild fordeling (tabell C-fk) er trekte frå. Løyvinga på kap. 572, post 60 er i overkant av 28,3 mrd. kroner. Av dette blir om lag 9 mrd. kroner gitt med ei særskild fordeling. Innbyggjartilskotet er fordelt med eit likt beløp per innbyggjar til alle fylkeskommunane. For 2014 er innbyggjartilskotet før omfordeling 3 804 kroner per innbyggjar.

#### **Kolonne 2 – Utgiftsutjamning**

Kolonne 2 viser omfordelinga som følgje av utgiftsutjamninga og korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular. Utgiftsutjamninga og korreksjonsordninga er nærare dokumentert i tabell A-fk.

#### **Kolonne 3 – Saker med særskild fordeling**

Kolonne 3 viser fordelinga av 12 saker med særskild fordeling i 2014. Fordelinga som kjem fram i kolonne 3 er nærare dokumentert i tabell C-fk.

#### **Kolonne 4 - Innbyggjartilskot før inntektsgarantiordninga**

Kolonne 4 viser samla løyving på kap. 572, post 60 i 2014, før berekning av inntektsgarantitilskotet. Kolonnen er summen av kolonnane 1 til 3.

#### **Kolonne 5 – Inntektsgarantiordninga (nettoeffekt)**

Kolonne 5 viser nettoeffekten av inntektsgarantiordninga i 2014, det vil seie inntektsgarantiordninga inklusive finansiering av ordninga. Berekninga av inntektsgarantiordninga er dokumentert i tabell B-fk.

#### **Kolonne 6 - Innbyggjartilskot med utgiftsutjamning og inntektsgarantiordninga**

Kolonne 6 viser samla løyving på kap. 572, post 60 i 2014, i alt 28 338 mill. kroner. Kolonnen viser innbyggjartilskotet, medrekna utgiftsutjamninga, korreksjonsordninga for statlege og private skular, saker med særskild fordeling og netto inntektsgarantiordning. Kolonnen er summen av kolonnane 4 og 5. Kolonnen er òg vist i tabell 1-fk, kolonne 1.